



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Prop. 62 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i Finnmarksloven (endringar som følgje av delinga av Troms og Finnmark fylke)

*Tilråding frå Kommunal- og distriktsdepartementet 24. mars 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i lovproposisjonen

Kommunal- og distriktsdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg om endringar i Finnmarksloven. Finnmarksloven gjeld forvaltning av grunn og naturressursar i Finnmark og inneber ei eiga ordning som skil seg frå forvaltninga i dei andre fylka i landet.

Som følgje av Stortingets vedtak av 14. juni 2022 (Prop. 113 LS (2021–2022) S-delen, Innst. 452 S (2021–2022)) skal Troms og Finnmark fylke delast frå 1. januar 2024. Finnmark blir igjen eit eige fylke.

I samband med samanslåinga av fylka Troms og Finnmark vedtok Stortinget lov 20. desember 2019 nr. 108 om endringer i finnmarksloven (endringer som følge av sammenslåingen av Troms og Finnmark fylker). Dette var reglar om det geografiske verkeområdet for loven, val av styremedlemmer til styret til Finnmarkseigedommen og reglar for utdeling av overskot. Desse endringane var påkravde fordi nemninga «Finnmark» fekk endra tyding i loven.

Når Finnmark no igjen blir eit eige fylke, må det igjen gjerast endringar i loven.

Når departementet vurderer endringar i Finnmarksloven, har departementet plikt til å konsultere Sametinget om desse. Sametinget har ikkje

ønskt å konsultere om desse endringane, men viser til standpunkt dei hadde i konsultasjonane om endringane i Finnmarksloven da fylka vart slegne saman (Prop. 134 L (2018–2019)).

Sametinget ønsker sjølv å avgjere måten styre- og varamedlemmer til Finnmarkseigedommen blir valde på. Derfor ønsker Sametinget ei endring av Finnmarksloven §§ 7 og 8. Sametinget meiner at denne løysinga vil vere i samsvar med sjølvråderetten til samane og den sjølvstendige stillinga til Sametinget. Sametinget ber om at departementet vurderer ein eigen prosess for å endre desse føresegnene i Finnmarksloven. Sametinget meiner det er viktig at departementet følgjer opp denne problemstillinga i framtida.

Troms og Finnmark fylkeskommune fekk høve til å komme med innspel til forslaget. Dei meinte det ikkje var behov for det.

2 Departementet sine vurderingar

I loven er det vist til Troms og Finnmark fylke, Troms og Finnmark fylkeskommune, og Troms og Finnmark fylkesting. Departementet foreslår å endre teksten slik at det blir vist til instansane i «Finnmark». På denne måten vil ein gå tilbake til ordninga som var før fylkeskommunane Troms og Finnmark vart samanslegne. Når det gjeld stats-

forvaltaren, gjer departementet framlegg om å utforme føresegnene slik at dei vil fungere uavhengig av korleis den geografiske inndelinga er mellom dei ulike statsforvaltarembeta.

Finnmarksloven § 7 regulerer korleis medlemmer til styret i Finnmarkseigedommen skal veljast. Iføljje gjeldande føresegn vel Sametinget og Troms og Finnmark fylkesting tre medlemmer med personlege varamedlemmer. Departementet gjer framlegg om at føresegna blir endra tilbake slik ho var før samanslåinga. Finnmark fylkesting skal velje tre medlemmer med personlege varamedlemmer. Framlegget inneber at fylkestingspolitikarane frå Troms ikkje lenger vil vere med å bestemme kven som skal styre Finnmarkseigedommen.

Paragraf 15 i loven seier at styret i Finnmarkseigedommen kan fastsetje at eit eventuelt overskot kan delast ut til Troms og Finnmark fylkeskommune, Sametinget eller allmennyttige føremål. Departementet gjer framlegg om at føresegna vert endra slik at Finnmark fylkeskommune kan vere ein av de moglege mottakarane. Iføljje siste setning i føresegna skal overskot som blir fordelt til Finnmark fylkeskommune eller allmennyttige føremål vere til gagn for innbyggerane i Finnmark. Departementet føreslår at føresegna blir endra tilbake slik ho var før samanslåinga. Formuleringa vil då bli at styret i Finnmarkseigedommen kan bestemme at eit eventuelt overskot kan delast ut til Finnmark fylkeskommune, Sametinget eller allmennyttige føremål til gagn for innbyggerane i fylket.

Korleis medlemmene til kontrollkomiteen blir valde, er regulert i § 16. Departementet føreslår at medlemmen til kontrollkomiteen og den personlege varamedlemmen, som ikkje blir vald av Sametinget, blir vald av Finnmark fylkesting. Denne framgangsmåten blir slik han var før samanslåinga.

Statsforvaltaren i Troms og Finnmark blir nemnd i §§ 18 og 46. Desse føresegnene fastset at statsforvaltaren i Troms og Finnmark skal vere klageorgan ved klagar etter offentleglova. Departementet føreslår at det vert fastsett at dette skal vere statsforvaltaren, utan å namngje fylket. Det vil seie det statsforvaltarembetet som dekkjer det geografiske området Finnmark.

3 Høyring

Lovforslaget har ikkje vore på offentlig høyring. I samsvar med utgreiingsinstruksjonen skal lovforslag normalt sendast på alminneleg høyring. Det kan

gjerast unntak dersom høyring vil vere «åpenbart unødvendig» jf. utredningsinstruksjonen punkt 3-3 andre ledd. Lovendringa er ei oppfølging av eit vedtak frå Stortinget om å dele Troms og Finnmark fylke, og det er klart korleis saka må løysast. Forslaget har derfor ikkje blitt høyrd.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane som departementet føreslår er berre tekniske endringar som er nødvendige på grunn av Stortingets vedtak om gjenopprettinga av Finnmark fylke. Endringane vil ikkje innebere økonomiske eller administrative konsekvensar av betydning.

5 Merknader til dei enkelte føresegnene i lovforslaget

Til § 7 andre ledd, § 7 sjette ledd, § 10 tredje ledd og § 10 sjette ledd, § 16 første ledd, § 16 femte ledd og § 31 andre ledd.

I loven, slik han er i dag, ligg nokre oppgåver og funksjonar til Troms og Finnmark fylkesting. For eksempel vel fylkestinget tre styremedlemmer med personlege varamedlemmer jf. Finnmarksloven § 7 andre ledd. Dersom styret ikkje blir einige om kven som skal vere leiar, følgjer det av § 7 sjette ledd at fylkestinget, i oddetalsår, vel kven som skal vere leiar og nestleiar. Paragraf 10 inneheld særskilde reglar om endra bruk av utmark og avhending av fast eigedom. Fylkestinget har også i oppgåve å utnemne ein medlem til kontrollkomiteen, jf. § 16 første ledd, og fylkestinget skal også ta imot rapporten til kontrollkomiteen jf. § 16 femte ledd. Forslaget inneber at desse oppgåvene blir lagde til Finnmark fylkesting.

Til § 15

Verksemda til Finnmarkseigedommen har ikkje som føremål å gå med overskot, men dersom dette skjer, kan styret vedta å dele ut heile eller delar av overskotet frå verksemda. Framlegget til departementet inneber at denne føresegna blir endra tilbake slik ho var før samanslåinga. Formuleringa vil då bli at styret i Finnmarkseigedommen kan avgjere at eit eventuelt overskot kan delast ut til Finnmark fylkeskommune, Sametinget eller allmennyttige føremål til gagn for innbyggerane i fylket.

Til §§ 18 og 46

Føresegnene regulerer klageinstansen for klager etter offentleglova. Når loven viser til «statsforvalteren», står det for det statsforvaltarembetet som dekker det geografiske området Finnmark.

Kommunal- og distriktsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i Finnmarksloven (endringar som følgje av delinga av Troms og Finnmark fylke).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i Finnmarksloven (endringar som følgje av delinga av Troms og Finnmark fylke) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i Finnmarksloven (endringer som følge av delinga av Troms og Finnmark fylke)

I

I lov 17. juni 2005 nr. 85 om rettshøve og forvaltning av grunn og naturressursar i Finnmark skal det gjerast følgande endringar:

I følgande føresegner skal uttrykket «Troms og Finnmark fylkesting» endrast til «Finnmark fylkesting»:

§ 7 andre ledd, § 16 første ledd, § 16 femte ledd og § 31 andre ledd.

I følgande føresegner skal uttrykket «Troms og Finnmark fylkesting» endrast til «fylkestinget»:

§ 7 sjette ledd, § 10 tredje ledd og § 10 sjette ledd.

§ 15 første ledd skal lyde:

Dersom Finnmarkseiendommen i bankinskudd, kontanter og lignende har aktiva som fratrukket eventuell gjeld overstiger det som trengs av reserver for å sikre driften, kan styret beslutte at overskuddet helt eller delvis skal utbetales *til Finnmark fylkeskommune, Sametinget eller allmennyttige formål som kommer Finnmarks innbyggere til gode.*

I følgande føresegner skal uttrykket «statsforvalteren i Troms og Finnmark» endrast til «statsforvalteren»:

§ 18 andre ledd og § 46 første ledd.

II

Loven gjeld frå den tida Kongen fastset.

